



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
 Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no
 Heimeside: www.lindas.kommune.no
 Kartside: www.nordhordlandskart.no
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Arkitektcompagniet AS

Dykker ref.

Sakshandsamar:
Knut Bjørnevoll

Olsvikskjenet 151
5184 OLSVIK

Vår ref.
2009/1534 - 0 -
19019/2011

Telefon
56375000

Arkivkode:
123/83

Dato:
29.07.2011

Delegert sak

**Rammeløyve - tomannsbustad - nybygg
Jan Sæverås - gbnr 123/83 - Risa**

- Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteken 31.07.2009. og vedlagt:
- teikningar m/ terrengprofil mottekne 01.06.2011
- situasjonsplan motteken 01.06.2011
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- søknad om ansvarsrett
- dokumentasjon for nabovarsling mai 2011
- kontrollerklæring for prosjektering

Saksutgreiing/Vurdering

Søknaden gjeld bygging av vertikaldelt tomannsbustad i to etasjer (underetasje delvis under terreng) i regulert felt *Rissundet*. Planen tillet bygging av einebustader og tomannsbustader, i 1 ½ etasje. Tiltaket er såleis i samsvar med reguleringsplanen.

Saka starta i 2009, og søknaden har lagt på vent, grunna merknad om bruk av felles avkjørsle/tilkomstveg og bygningstype. Det er no levert nye teikningar og ny situasjonsplan med ny nabovarsling, og det har ikkje komme merknader.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt. C.3.3. SAK§23d, fastsett ein sakshandsamingsfrist for søknadssaker på 12 veker, rekna frå den datoén søknaden er komplett og klar til handsaming. Det vert sendt faktura til tiltakshavar etter gebyrregulativ 2009:

C3.3. Søknadsplichtige tiltak (Pbl§93)			
Basisgebyr. Tiltakskl.1. Første bueining	11.400	1	11.400
Bueining 2 – 5, 50%	5.700	1	5.700
Tilleggsgebyr, lite			2.400
SUM			19.500

Vedtak:

Søknaden om rammeløyve etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteken 01.06.2011. med topp grunnmur på kote 11,0 og topp møne på kote 16,5. Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



grunnmur/ringmur vert sett i gang, og dokumentasjon med koordinatar og høgdeplassering skal sendast til kommunen omgående (PBL § 70 nr. 1).

2. Egedomen (bygningen) skal knytast til offentleg anlegg for vatn og avløp via privat leidningsnett. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknyting og melding om utføring av sanitæranlegg sendast til kommunen si avdeling for teknisk drift på særskilt skjema vedlagt turvande planar.
3. Støttemurar er søknadspliktige, også natursteinsmurar (PBL § 93).
4. Det vert gitt løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle, som skal opparbeidast slik at den tilfredsstiller dei tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr. 3905), vegnormal 017 (før 1 mai 2008) og veglova §§ 40-43. Det vert blant anna stilt krav til utforming, svingradius, sikt og drenering. Forskrift av 1964 er tilgjengeleg på www.lovdata.no
5. Under avkjørsla skal det leggast dreneringsrør med ei diameter på minimum 200mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
6. Før graving i eller inntil kommuneveg skal det søkjast til kommunen ved teknisk drift.
7. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

SØK		Arkitektcompagniet AS
PRO/KPR	Bygning og installasjonar eks. VVS	Arkitektcompagniet AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Med helsing

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Knut Bjørnevoll

Kopi til:

Jan Sæverås Postboks 111 5951 LINDÅS
André Kvalheim Rissundet 4 5955 LINDÅS
Teknisk drift Her

